



OSELVARKLUBBEN

Referat frå Årsmøte 2008 i Oselvarklubben 22. mars 2009

Årsmøte i Oselvarklubben for 2008 vart halde i Mildnøstet søndag 22. mars 2009.

Tilstade: 9 frammøtte, alle godkjende medlemmer.

Leiar Finn Totland opna årsmøtet kl. 17.40 og ynskte dei 9 frammøtte vel møtt.

A. Godkjenning av frammøtte medlemmer

Alle dei frammøtte var godkjente medlemmer av Oselvarklubben.

B. Godkjenning av innkallinga

Det var ingen merknader til innkallinga

C. Sakliste:

Sak 1. Årsmeling 2008

Finn Totland gjekk i gjennom årsmeldinga ved å lesa opp overskriftene og spørja om det var nokre merknader.

Det vart påpeika at det mangla referat/omtale av sumarregattaen på Austevoll og Milde. Dette innspelet hadde Kjell Totland forutsett og kunne dermed overraska årsmøtet med å dela ut ei trykt årsmelding der denne omtalen var inkludert.

Det vart stilt spørsmål om kvifor ikkje Oselvarlaget på Os var inkludert i opprømsinga av samarbeidspartnarar til bokprosjektet. Det skuldast ei rein utegløyning og det eksisterar sjølvstøtt ikkje noko vondt blod mellom Oselvarklubben og Oselvarlaget i Os.

Sidan Norges Seilforbund har endra NM-reglane frå og med sesongen 2009 etter at årsmeldinga vart produsert, vil det koma ei endring i avsnittet *Avslutning* i den godkjende årsmeldinga. Regelen som seier at årets mesterskap fungerer som kvalifisering for neste års NM dersom det er godkjent, fell nemleg bort. Det vil i praksis seia at dersom det ikkje deltek 20 startande båtar i ein NM-klasse i 2009, så har klassen likevel høve til å arrangera NM i 2010. Tidlegare praksis har som kjent vore at ein måtte gå omvegen via klassifisering gjennom å ha eit Nasjonalt klassesesterskap med minst 20 startande båtar det eine året for å kunne ha NM året etter.

Med desse merknadane vart årsmeldinga samrøystes godkjent. Styret i Oselvarklubben vil freista å distribuera den godkjende årsmeldinga saman med årsmøterefateret. Se forøvrig internettsiden http://www.mildebatlag.org/oselvarklubben/okl_aarsberetning_2008.pdf.

Sak 2. Årsrekneskap 2008

Kasserar Kjell Milde gjekk gjennom regnskapet som diverre synte eit underskot på 11 019 kr. pr. 30. september 2008. Vidare gjekk ein gjennom rekneskapen for boka *Oselvaren – den*

levande båten som vert ført som eit eige rekneskap utanfor Oselvarklubben sin rekneskap. Status ved utgangen av september 2008 er at bokprosjektet har 7516 kr disponibelt. Finn Totland las så opp brev frå revisor som konkluderte med at rekneskapen gav eit korrekt bilete av Oselvarklubbens økonomi og at rekneskapen kunne tilråast godkjent.

Årsmøtet påpeika elles at Oselvarklubben ikkje måtte verta økonomisk skadelidande som fylgje av bokprosjektet. Oselvarklubben sin bokkomité har sjølvsagt dette i fokus og freistar difor å få andre aktørar til å garantera for dei kostnadane som vil koma i samband med produksjonen av boka.

Årsrekneskapen vart så samrøystes vedteken og styret vart gitt rekneskapsfridom.

Sak 3. Framlegg frå styret

Til årsmøtet hadde styret i Oselvarklubben kome med fylgjande framlegg:

Oselvarklubbens regnskapsår- og administrasjonsår endres til å følge kalenderåret fra 1. Januar til 31. Desember.

Dette vart samrøystes vedteke. Dette får fylgjer for Oselvarklubbens lover:

§ 5. Styret

Nest siste setning vert endra til:

Regnskapsåret går frå 1. januar til 31. desember.

§ 6 Årsmøtet

Fyrste setning i paragrafen vert endra til:

Årsmøtet holdes minst en gang årlig, innen utgangen av februar, og skal innkalles med minst 2 ukers varsel.

§ 9 Endring av klasseregler

Andre setning i paragrafen vert endra til:

Forslag må være skriftlige og i undertegnet stand være kommet Oselvarklubbens styre i hende senest 31. oktober.

Dette fører òg med seg ei endring i klassereglane i punkt B. 7. 1:

Andre setning i andre avsnitt vert dermed lydande:

Forslag må være skriftlige og i undertegnet stand være kommet Oselvarklubbens styre i hende senest 31. oktober.

Årsmøtet fann å gjera denne endringa sjølv om endringar av klassereglar ikkje spesifikt var ført opp på sakslista.

Sak 4. Innkomne framlegg

Kjell Magnus Økland hadde sendt inn to framlegg:

1. *Eit evt. overskot frå boka Oselvaren – den levande båten skal brukast til nye tiltak som revitaliserer regattaseglinga med Oselvaren.*

Ordsiftet kring framlegget slo fast at det er Oselvarklubben som eig eit eventuelt overskot frå bokprosjektet. Årsmøtet ynskjer at samtlege medlemmar av Oselvarklubben legg hovudet i bløytt for å tenkja ut nye prosjekt som kan revitalisera regattaseglinga. Framlegget vart så samrøystes vedteke.

2. *I etterkant av utgjevinga av boka Oselvaren – den levande båten skal klassereglane for Oselvaren oppjusterast i samsvar med ny kunnskap som er komen fram under arbeidet med boka.*

Ordsiftet avslørte at ei oppjustering av klassereglane skal skje i samråd med styre og målekomité. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak. 5. Val

Jan Erik Christophersen trer ut av Målekomitéen. Nytt medlem der vert Terje van der Meeren. Elles var det attval på alle postar.

Dette vil seia fylgjande samansetning i 2009

Styret:	Leiar:	Finn Totland
	Nestleiar:	Magnus Stangeland
	Skrivar:	Kjell Magnus Økland
	Kasserar:	Kjell Milde
	Styremedlem:	Terje van der Meeren
	Styremedlem:	Kjell Totland
	Varamedlem:	Svein Økland
Revisor:	Egil T. Pedersen	
Målekomite:	Kjell Totland	
	Finn Totland	
	Terje van der Meeren	
	Stein Olav Drange	
	Svein Økland	
Bokkomite:	Finn Totland	
	Kjell Magnus Økland	
	Knut Olav Pedersen	
	Kjell Milde	
	Kjell Totland	

Årsmøtet vart heva kl. 19.45

Etter årsmøtet drøfta ein Redningsselskapet si karing av Norges Nasjonalbåt. Denne karinga kan ein lesa meir om på Redningsselskapet si heimeside www.nssr.no Ikkje overraskande var det stor stemning i salen for å røysta på Oselvaren og ein vedtok difor å oppmoda alle medlemmar i Oselvarklubben og andre kjenningar til å røysta på ***Oselvaren – den levande båten!*** Ved å nytta boktittelen ser ein dermed høve til å slå to floger i ein smekk: Både reklamera for boka og gje Oselvaren høve til å verta kåra som Norges Nasjonalbåt.

Nygårdsgaten 64, 25. mars 2009

Kjell Magnus Økland
Skrivar, Oselvarklubben